# Fedje kommune
**Fedje skule**

Aleksandra Radic
Husøyna 61
5947 Fedje

| | | |
|---|---|---|
| Referansar: | Sakshandsamar: | Dato: |
| Dykkar: | Stine Storemark Nordby | 26.04.2023 |
| Vår: 23/209 - 23/2181 | stine.storemark.nordby@fedje.kommune.no | |

# Informasjon om ekskursjon til Polen og Tyskland 2023

No nærmar det seg tur!
Det har vorte ei endring i kven som vert med frå skulen si side. Silje Lillås kjem til å reise i stadenfor Kamilla K.Karlsen. Ole Vik vert og med i tillegg til 5 andre vaksne.

Ekskursjonen til Polen og Tyskland er frå 12.06.2023 til 16.06.2023. Me møtast på ferjekaien klokka 05.45 den 12.06. for å dra vidare til Flesland. Det vert ein buss som møter oss i Sævrøy og køyrer oss direkte dit. Nedanfor finn du diverse informasjon om turen og programmet frå Aktive Fredsreiser.

## Hugseliste

1. **Reiseforsikring:** Alle bør ha **reiseforsikring**. Reiseforsikring må teiknast av den enkelte.
2. **Pass og norsk nasjonalt ID kort** er gyldig legitimasjon, og ein av desse må vere med. Det må vere gyldig under heile turen.
3. **Europeisk helsetrygdkort** bestillast på https://helsenorge.no
4. **Pakk i 1 bag**, IKKJE i koffert, på grunn av begrensa bagasjeplass om bord i bussen og vekt.
5. **Valuta.** Det er best å veksle euro i Norge. I Polen vekslar du norske kroner til zloty. Visa og Mastercard kan brukast. Visa Elektron har nokon begrensingar.
6. **Mat:** Allergiar har vore meldt inn til kontoret. Det kan vere lurt å ta med litt glutenfritt brød, då det ikkje alltid er like lett å få tak i utlandet.

**Undervegs**

- Følg tollbestemmingane. Softgun og springknivar blir betrakta som våpen, og ein risikerer bot eller fengselsstraff.
- **På hotella i Tyskland og Polen er det nattero kl. 2200.** Det skal ikkje ropast eller springast i gongane, og dørene må lukkast stille. Dempa musikk eller TV på romma, ikkje høg prat. Det er dei vaksne på turen som har ansvar for å overhalde dette.
- Bussen heldast ryddig og rein til ein kvar tid for å auke trivselen. Det vert forventa at gruppa hjelper sjåføren å rydde bussen kvar kveld.
- Midtgangen må vere fri for bagasje og setebelte skal brukast.
- Vis respekt i leirane.

- På temakvelden er det mogleg å stille spørsmål og bidra med dikt, song eller tale.
- Rusmidlar passer ikkje på ein haldningsskapande tematur. Reiseleiarane og sjåførar bruker ikkje alkohol eller andre rusmiddel på turen. I ordensreglane til skulen er det forbode å bruke rusmidlar ved arrangement som skulen står for. Me anbefaler dei vaksne turdeltakarane til å ta omsyn til dette.
- Ta godt vare på pass, pengar og verdisakar! Det er vanskelig å oppspore bortkomne gjenstandar. Aktive Fredsreiser fråskriv seg alt ansvar for attgløymte artiklar. Hittegods som blir motteke på kontoret til Aktive Fredsreiser, blir oppbevart i 3 månedar.
- Det kan vere lurt å ta med vatn, eller kjøpe inn vatn, felles undervegs og dele ut slik at ein unngår dehydrering. Mange syntes og det er greitt å ta med litt frukt eller kjeks som ein kan ha dersom det går lang tid mellom måltidene.
- Når me besøker Auschwitz kan du berre ta med inn vesker/sekker med maks storleik 10 x 20 x 30 cm.
- Under besøket i Sachsenhausen får gruppa både ei omvising i leiren, men og litt eigenarbeid med spørsmål. Her blir gruppene delt i mindre grupper, og vaksne har ansvaret for å halde ro og orden. Det blir plassert ein voksen på kvar gruppe.

## Program

**1. DAG MÅNDAG 12.6.23 BERGEN – KRAKOW – WIELICKA - KRAKOW**

KL. 1000 Avgang frå Bergen KL. 1220 Ankomst Krakow
Me blir henta med buss og reiseleiar på flyplassen. Avreise når alle har fått bagasjen sin.
Me reiser inn til Krakow og spaserer opp i gamlebyen. Her blir det tid på eigenhand.
KL. 1900 Mat og folklore på restaurant Avangarrda
Overnatting Hotell Margerita, ul. Czestochowska 53, 32-085 Modlnica, tlf. 0048124192871

**2. DAG TYSDAG 13.6.23 KRAKOW - OSWIECIM - KRAKOW**

KL. 0630 Frukost KL. 0715 Avreise frå hotellet
KL. 0830 Omvising i Auschwitz I med lokal guide KL. 1100 Brødmat i Centrum Dialogu
Omvising i Auschwitz II Birkenau med lokal guide
KL. 1500 Tematime i Centrum Dialogu
KL. 1600 Middag i Centrum Dialogu Me reisar tilbake til Krakow etter mat
Overnatting Hotell Margerita, ul. Czestochowska 53, 32-085 Modlnica, tlf. 0048124192871

**3. DAG ONSDAG 14.6.23 KRAKOW - BERLIN**

KL. 0600 Frukost KL. 0700 Avreise
KL. 0800 Besøk i saltgruvene i Wieliczka (oppmøte 20 min. før)
Me reiser rett mot Berlin når me er ferdige med besøket i Saltgruvene.
Me stoppar for å ete mat underveis, denne maten er ikkje inkludert.
KL. 1900 Mat og overnatting Meininger Hotel Berlin Airport, Alexander- Meissner-Strasse 1, Berlin tlf.+493031878911

**4. DAG TORSDAG 15.6.23 BERLIN - ORANIENBURG - BERLIN**
KL. 0800 Frukost KL. 0900 Avreise
KL. 0940 - 1125 Besøk i Gedenkstätte Hohenschönhausen - Stasi-fengslet
KL. 1130 Avreise til Oranienburg KL. 1230 Lunsj på restaurant Remus
KL. 1330 Omvising i KZ Sachsenhausen KL. 1630 Avreise til Berlin
Me får ein bussightseeing og tek oss ein spasertur i byen.
Overnatting Meininger Hotel Berlin Airport, Alexander- Meissner-Strasse 1, Berlin tlf.+493031878911

**5. DAG FREDAG 16.6.23 BERLIN – OSLO GARDERMOEN – BERGEN FLESLAND**
KL. 0800 Frukost KL. 0900 Utsjekk og avreise
Fortsettinga av Berlin-program tilpassa flyavgang. Moglegheit for å besøke "Gedenkstätte Berliner Mauer" (dokumentasjonssentrum og det offisielle minnesmerket for Berlin-muren).
KL. 1100 Avreise til flyplassen. Her forlet me buss og reiseleiar.
KL. 1410 Avgang frå Berlin Lufthavn Berlin Brandenburg
KL. 1550 Ankomst Oslo Lufthavn Gardermoen
KL. 1700 Avgang Oslo Lufthavn Gardermoen
KL. 1755 Ankomst Bergen Lufthavn Flesland
KL. 2035 Ferje Sævrøy – Fedje
KL. 2105 Ankomst Fedje

Det endelege programmet får de i bussen.

Dei vaksne som skal vere med på tur vil motta ei faktura på kr 10 920,-.

Eg håpar de får ein flott tur!

Med helsing

Stine Storemark Nordby
Konstituert rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Aleksandra Radic, Anne-Magnhild Storemark, Bjørn Ove Hvidsten, Ilka Verhofstad, Ingrid Handeland, Iris Theresa Waage, Jan Torry Jenset Sande, Janne Hegrenes Rognsvåg, Kamilla Bjerkholt Kleppe Karlsen, Kristine Fagerthun Jensen, Laila Byrkjeland Husa, Martin Karlsen, Mette Husa, Mia Krüger Etokebe, Nadine Gutte-Preusse, Otto-Andre Nordby, Pavlo Zakharenko, Pål-Eirik | Husøyna 61 | 5947 | Fedje |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Holgersen, Stian Stokholm | | | |
| Rognsvåg, Tore Andre Frugård | | | |
| Anne-Magnhild Storemark | Mulevegen 82 | 5947 | Fedje |
| Bjørn Ove Hvidsten | Sjånesvegen 5 | 5947 | Fedje |
| Ilka Verhofstad | Husøyna 53 | 5947 | Fedje |
| Ingrid Handeland | Flundrevågsvegen 29 | 5947 | Fedje |
| Iris Theresa Waage | Husøyna 32 | 5947 | Fedje |
| Jan Torry Jenset Sande | Husøyna 34 | 5947 | Fedje |
| Janne Hegrenes Rognsvåg | Sjånesvegen 33 | 5947 | Fedje |
| Kamilla Bjerkholt Kleppe Karlsen | Fedjemarka 22 | 5947 | Fedje |
| Kristine Fagerthun Jensen | 25 Myrdal | 5878 | BERGEN |
| Laila Byrkjeland Husa | Mulevegen 15 | 5947 | Fedje |
| Martin Karlsen | Fedjemarka 22 | 5947 | Fedje |
| Mette Husa | Stormarkvegen 15 | 5947 | Fedje |
| Mia Krüger Etokebe | Stormarkvegen 54 | 5947 | Fedje |
| Nadine Gutte-Preusse | Fyrsundvegen 39 | 5947 | Fedje |
| Otto-Andre Nordby | Flundrevågsvegen 15 | 5947 | Fedje |
| Pavlo Zakharenko | Rognsvågen 36 | 5947 | Fedje |
| Pål-Eirik Holgersen | Husøyna 21 | 5947 | Fedje |
| Stian Stokholm Rognsvåg | Skotholmevegen 29 | 5947 | Fedje |